



RADØY KOMMUNE  
Radøyvegen 1690  
5936 MANGER

Dato: 10.12.2018  
Vår ref.: 2018/16893-2  
Saksbehandlar: sigwols  
Dykkar ref.:

## Landbruksveg og oppstillingsplass - Hole, gnr. 90 bnr. 1 - Radøy kommune - Varsel om synfaring

Viser til brev av 26.11.18 med planar om etablering av landbruksvegar og oppstillingsplass. Hordaland fylkeskommune ved Fylkeskonseratoren har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

I fylgle våre arkiv er det kjent fleire frede kulturminne i nærområdet (Riksantikvarens sin database) blant anna Askeladden id. 45502, 55264, 112417. Det er ikkje kjent automatisk frede kulturminne innanfor det omsøkte arealet, men det omfattar både dyrka mark og innmarksbeite, så potensial for funn av automatisk frede kulturminne er til stades, spesielt med tanke på funn frå bronsealder og jernalder.

Etter ei vurdering av det omsøkte arealet finn me det difor naudsynt å gjennomføre ei synfaring før me kan gje fråsegn til søknadene, for å vurdere om tiltaket kjem i konflikt med hittil ikkje registrerte kulturminne. Ved synfaringa vil ein ta stilling til om det er naudsynt med ei vidare arkeologisk registrering for å få oppfylt undersøkingsplikta i kulturminnelova. Synfaringa vil verta gjort så raskt som råd.

David J. Aasen Sandved  
kst. fylkeskonserator

Sigrun Wølstad  
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi til:  
Jan Rune Fjellsende